

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## Tillegsfråsegn Sognefjordpakka.

Sogn og Fjordane Turlag har vore med på synfaringane i samband med :"Sognefjordpakka."

Synfaringane er viktige og ein kan få ein betre forståing av planar som er lagt fram! Ein takker for invitasjonen og ein ynskjer å komme med fylgjande oppsummering.

Tura småkraftverk v/ Tura kraft AS

Saksnummer: 200905878  
Registreringsnummer: 4796

Etter synfaringa vart det gjort kjent at utbyggjarane kan tenkje seg profilboring til den vanskeligst tilgjengelege delen til inntaket. SFT vil meine at dette er eit godt tiltak. Minstevassføring er i hovedfråsegnet ført fram som viktig for bekkekløft og fossesprøytsone, dette treng ein ikkje å ta opp att, men synfaringa gjorde klart at dette **ÉR** spesielt viktig. Men som reaksjon på synfaringa kan ein måtte be om ein vurdering om å endra konsesjonsvilkåra for kraftverket som ligg nedstraums der Tura planlegg sin kraftstasjon! Her var ingen minstevassføring då synfaringa vart gjennomført og her er mogleg heller ikkje krevd minstevassføring! EU sitt vanndirektiv og nåtidas syn på miljø og økosystem vil tvinge fram ein minstevassføring i heile elveleiet ned til fjorden! Tura kraft sin søknad vil ved ein konsesjon og krav om minstevassføring og vere starten på ein prosess der HuglaKraft nedstraums vert revurdert med tanke på krav om minstevassføring.

Kvammedalselvi Kraftverk v/ Kvammedalselvi kraftverk SUS

Saksnummer: 201200880  
Registreringsnummer: 6626

Synfaringa syntte at elva er vanskeleg å få augekontakt med, men likefullt er det her naturverdiane blir stressa med ein utbyggjing der slukeevne er 221% og minstevassføringa er lik 5 percentil. Dette er tatt opp i hovedfråsegnet. Elvemosesamfunnet er trua med få flommer noko som stor slukeevne legg opp til. For Kvammedalselvi er der ikkje nytt å føre fram i forhold til fråsegsfristen datert 11052015.

Skjerdal Kraftverk v/ Skjerdalskraft SUS

Saksnummer:M201003706  
Registreringsnummer: 6137

Som fråsegnet datert 12042015.

Under synfaringa ble eit alternativ med profilboring vurdert, dette vil SFT vurdere som positivt. Profilboring vil skåne naturinngrep nær inntaket der dalen var trøng.



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde  
E-post: [sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)  
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde  
Heimeside: [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)  
Bankkonto: 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

## Dyrdalselva kraftverk v/ Dyrdal Kraft AS

Saksnummer: 201000223

Registreringsnummer: 5988

Som fråsegn datert 12042015

Kraftstasjonen på kote 80 vart oppfatta som det reelle alternativet, då vert elvestrekningen nær fjorden urørt.

## TVK kraftverk v/ Norges Småkraftverk AS

Saksnummer: 201101388

Registreringsnummer: 6300

Løpet av Vigdalselvi vegetasjonen, moseflora mm. er lite eller ikkje vurdert grunna adkomst her. Under synfaringa var det utan tvil bekkekløfter og fossesprøytsone som gjorde inntrykk. I område er almeskog. SFT vurderer etter synfaringa økosystemet ved Vigdalselvi som verdt å få meir informasjon om, før konsesjonen vert vurdert, eller at Vigdalselvi overføringa vert tatt ut av planen. Utover dette synet ein til fråsegn datert 12042015

## Brekka kraftverk v/Sognekraft as

Saksnummer: 200904056

Registreringsnummer: 5813

Ingen tillegg til fråsegn datert 10042015

Under synfaringa vart profilboring også framført som eit alternativ, dette vil redusere synlege naturinngrep og SFT vil støtte dette! Ein likte mindre godt Sognekraft sitt utsagn om at dei 4 utbyggingane i regionen kring Lånefjorden måtte sjåast under eitt, for at dei økonomisk var avhengige av kvarandre. Naturlegvis vil NVE være frie til å oppfatte utsagnet som dei vil.

## Kråkeelvi kraftverk v/ sognekraft AS

Saksnummer: 200806622

Registreringsnummer: 5186

Synfaringa som viste Isvotni og det siste urørte område i ein region sterkt prega av tidlege altomfattende kraftutbyggjing til aluminiumsindustrien i Høyanger, gjorde eit stort inntrykk. Ja sårbar høgfjellsterreng og 2,2 GWh er for lite til å opne for tekniske inngrep her.

Ein kopierer inn tilleggsfråsegn sendt pr epost frå sakshandsaming Alvar Melvær for å kompletterer oppsummeringen.

25082015 kl 14.21 epost Alvar Melvær til Liebig-Larsen Helen Nathalie

Hei!

*Vi takkar for invitasjonen til synfaringa. Underskrivne, som var sakshandsamar og skreiv Turlaget sine høyringsfråsegner om Brekka kraftverk og Kråkeelvi kraftverk, har dessverre ikkje høve til å møte på synfaringane. I staden vil leiaren i Naturvernuntnalet vårt, Ron Overdevest, møte.*

*Tilleggskommentar til det som står i høyringsfråsegna vår om Kråkeelvi kraftverk:*



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde  
E-post: [sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)  
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde  
Hjemmeside: [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)  
Bankkonto: 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

*Frå leiaren i Balestrand og Høyanger Turlag har vi fått opplyst at Norddalsnipi, som ligg like søraust for Isvotni, er eit ganske viktig turmål med fin utsikt. Frå toppen ser ein (mellan anna) "rett ned på" Isvotni. Dette gjer oss – om mogeleg – enda meir overbeviste om at ei regulering av Isvotni er fullstendig uakseptabel. Etter vårt syn er det heilt forkasteleg med ei slik regulering i urort høgfjellsnatur heile 332 høgdemeter ovanfor inntaket. Vi oppmodar NVE sterkt om å avslå å gje løyve til ei slik regulering! Sjå meir grunnjeving i høyringsfråsegna vår.*

*Vedr. biologisk mangfald i tilknyting til fossane nedstraums inntaket: Vi har forståing for at det bratte terrenget gjer det uforsvarleg å få til ei god nok kartlegging av det biologiske mangfaldet. Men når situasjonen er slik, så må "føre var-prinsippet" tilseie at då må det sleppast ei heilårleg minstevassføring på minimum 5-persentilane, slik at eventuelt verdfullt biologisk mangfald får sjansen til å overleve.*

*Venleg helsing  
for Sogn og Fjordane Turlag  
Naturvernutvalet  
Alvar Melvær*

Med vanleg helsing, Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet Sogn og Fjordane Turlag

Telefon: 97674654 E-post rono@online.no



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde  
E-post: [sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)  
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde  
Heimeside: [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)  
Bankkonto: 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14